Ragnar Rommetveit

Språk, individuell psyke, og kulturelt kollektiv

GYLDENDAL
AKADEMISK

RAGNAR ROMMETVEIT

SPRÅK, INDIVIDUELL PSYKE, OG KULTURELT KOLLEKTIV

GYLDENDAL
AKADEMISK

© Gyldendal Norsk Forlag AS 2008
1. utgave

ISBN: 978-82-05-44495-9

Layout: Laboremus Prepress AS
Sats: Supernova
Brødtekst: Minion 10,5/15 pkt

Alle henvendingar om boka kan rettast til
Gyldendal Akademisk
Postboks 6860 St. Olavs plass
0130 Oslo

www.gyldendal.no/akademisk
akademisk@gyldendal.no

Det må ikkje kopierast frå denne boka i strid med åndsverklova eller avtalar om kopiering inngått med KOPINOR, interesseorgan for rettighetshavarar til åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale kan medføra erstatningsansvar og inndraging, og kan straffast med bøter eller fengsel.

Føreord

I denne essaysamlinga inviterer eg lesaren med på ekskursjonar i human- og samfunnsvitskapleg forsking på leiting etter ny innsikt i språk, psyke, og relasjonen mellom individuell psyke og kulturelt kollektiv. Under arbeidet med å redigera samlinga vart eg ofte sitjande og tenkja på vener og kollegaer som opp gjennom åra har invitert *meg* inn i deira eigne forskingsfelt og, stundom, inn i dialog på tvers av etablerte grenser mellom akademiske disiplinar. Og mine kjæraste minne frå eit langt akademisk liv er minne om slike samtalar med gode vener og kollegaer. Minne om dialogfragment som dette:

«Det var jammen ein god idé!»
«Ja, og det var du som kom på han.»
«Eg? – Nei, det var du!»

Hadde me kanskje i ein slik situasjon delvis rett, begge to? Var ikkje det me begge opplevde som genuint ny innsikt, noko anna og meir enn det kvar einskild av oss kunne yta, men ei *felles* innsikt, eit produkt av *felles undring* i dialog mellom *delvis ulike teoretiske perspektiv*?

Det trur eg. Og av dei mange eg har å takka for trivelege faglege samtalar om emna eg no inviterer lesaren til å gi seg i kast med, er det sume gode vener og kollegaer eg er serleg stor takk skuldig. I alfabetisk rekkjefølgje:

Rolv Mikkel Blakar, Stein Bråten, Bente Eriksen Hagtvet, Karsten Hundeide, Per Linell, Ivana Marková, James V. Wertsch og Astri Heen Wold.

Og sist, men ikkje minst: Ei hjarteleg takk til dotter mi, Ingrid. Utan hennar oppmuntring, konstruktive kommentarar og praktiske hjelp hadde denne essaysamlinga aldri vorte avslutta.

Blommenholm, 15.4.2007

Ragnar Rommetveit

Innhald

KAPITTEL 1 INNLEIING 9

KAPITTEL 2 PSYKOLINGVISTIKK. NY VITSKAP I EIT GRENSELAND 21

KAPITTEL 3 MYTEN OM BOKSTAVLEG MEINING I PSYKO- OG SOSIOLINGVISTISK TEORI: EIT FIKTIVT FUNDAMENT FOR TVERRFAGLEG SPRÅKFORSKING? 35

KAPITTEL 4 INDIVID OG KOLLEKTIV I AMERIKANSK SPRÅKPSYKOLOGI, KOGNITIVREVOLUSJONÆR PSYKOLINGVISTIKK, LINGVISTIKK OG KOGNISJONSVITSKAP 66

KAPITTEL 5 OM DIALOGISME OG VITSKAPLEG DISIPLINERT DISKURS- OG SAMTALEANALYSE 90

KAPITTEL 6 LÆRING OG LESING: «INTERACTS OF MEANING»? 121

KAPITTEL 7 SAMTALEANALYSE I TOLKING AV EIN LITTERÆR TEKST: KONVERSASJON I IBSENS DOKKEHUS 140

KAPITTEL 8 EPILOG 169

KAPITTEL 1

Innleiing

Kva er eit menneske? – Det er symboldyret, *animal symbolicum*, seier filosofen Ernst Cassirer i sin filosofiske antropologi (Cassirer, 1944). Det mest genuint menneskelege ved oss menneske, hevdar han, er språket. Kva er så språket? Eit spel? Vane og institusjon? Ei livsform? Slik spør ein annan filosof, Ludwig Wittgenstein (Wittgenstein, 1968).

Med si undring over slike spørsmål inviterer store tenkjarar oss ut på ekskursjonar i eit grenseland. I det landet finst det ingen fasitsvar. Det er som om tanken freistar å tøya sine eigne grenser, langt ut over den kunnskap og sjølvinnsikt empirisk human- og samfunnsvitskap kan gi. Og når filosofar leitar etter ord for slike tankar, tyr dei ofte til poetisk språk. Med sine metaforar inviterer Cassirer og Wittgenstein oss til undring på tvers av tradisjonelle faggrenser: Kva kan empirisk human- og samfunnsvitskapleg forsking fortelja oss om oss menneske som symboldyr, om vår individuelle psyke og vårt felles språk? Om relasjonen mellom individuell psyke og kulturelt kollektiv?

Denne essaysamlinga er eit produkt av søking etter svar på slike spørsmål og i alt vesentleg basert på førelesingar i tidsromet 1966–1997. I vidareføring, revisjon og redigering av dette materialet har eg freista ordna det i ei rekkjefølgje som speglar av vesentlege utviklingstenden-

sar. Kva kan me hevda, reint generelt, om utviklinga av vitskapane om oss menneske som «symboldyr» dei siste femti år? Om etablering av nye, tverrfaglege forskingsfrontar? Om vanskane med å integrera teori om språket som abstrakt system og teori om språkleg meiningsformidling i kontekst, om «det levande ordet»? Om konfliktar mellom naturvitskapleg orientert og humanistisk basert epistemologi? Om nytenking og vesentlege framlegg til teoretisk kursendring i seinare tid?

Det første essayet, «Psykolingvistikk. Ny vitskap i eit grenseland», er også kronologisk det første. Psykolingvistikken som i slutten av 1950-åra vart utvikla ved Harvard og MIT i USA, var ein ny vitskap i grenselandet mellom psykologi og lingvistikk, men likevel – i tråd med Noam Chomskys omtolking av strukturell lingvistikk som kognitiv individualpsykologi (Chomsky, 1957) – ein vitskap om *den individuelle organisme*. Med dette essayet er me inne på eit gjennomgangstema i mine kritiske ekskursjonar i amerikansk human- og samfunnsvitskapleg språkforsking: eit oppgjer med eit (frå eit humanistisk perspektiv) malplassert krav til «harddata» og ei tabuhaldning til det (subjektivt) menneskeleg meiningsfylte og relasjonen mellom individuell psyke og kulturelt kollektiv.

Dette kravet gir seg til kjenne i postulat («mytar») om invariant meinings- og påstandsinnhald i ord og ytringar. Essayet «Myten om bokstavleg meining» utfordrar teori om språkleg meiningsformidling som einvegs transport av informasjon i tverrfagleg psyko- og sosiolingvistisk teori. Også relasjonen mellom individuell psyke og kulturelt kollektiv blir liggjande som eit *terra incognita* i amerikansk språkpsykologi, psyko- og sosiolingvistikk og kognisjonsvitskap. Dette er hovudtema i essayet «Individ og kollektiv».

Det er i opposisjon mot denne sterkt informasjonsteknologisk inspirerte og monologisk baserte språk- og kommunikasjonsvitskapen at eit nytt paradigme får si form. Dette paradigmet blir eit hovudtema i

essayet «Om dialogisme». Pionerane i utviklinga av eit konstruktivt alternativ – Martin Buber, George Herbert Mead, Mikhail Bakhtin o.a. – var vidsynte tenkjarar som i sine refleksjonar over språk og tanke ikkje lét seg hindra av etablerte akademiske fordomar om grenser mellom det subjektivt, intersubjektivt og kollektivt menneskeleg meiningsfylte. Og i nyare kulturpsykologi, sosiokulturell forsking, studium av førspråkleg kommunikasjon og empirisk diskurs- og samtaleanalyse blir pionerane sine visjonar vidare utvikla til eit heilskapleg dialogisk paradigme for vitskapleg innsikt i dialogen som fundamental kommunikasjons- og samlivsform, fellesforfattarskap av språkleg formidla meining, og i språket som eit kollektivt konstituert meiningspotensial og bru mellom individuell psyke og kulturelt kollektiv.

Dei to siste essaya viser korleis dette nye dialogiske paradigmet kan gi ny innsikt i – og få ny innsikt frå – tradisjonelt ulike fagdisiplinar. Essayet «Læring og lesing» fokuserer på korleis læring ut frå eit kulturpsykologisk perspektiv må tolkast som ein dialogisk, altersentrert aktivitet, som individuell tileigning av fragment av ein kollektivt konstituert ressurs av kunnskap, tankeverktøy og sosiale normer. Og i lesing, syner det seg, er perseptuelle delprosessar styrde «ovanfrå», i altersentrert søking etter meining. Det er i «dialogical interacts of meaning» at det kollektivt meiningsfylte kan infiltrera vår individuelle psyke.

I diskurs- og samtaleanalyse er det dialogiske paradigmet blitt vidareutvikla i tråd med Mikhail Bakhtins semantiske og kulturfilosofiske teori, og på eit slikt vis at det også lèt seg prøva ut i tolking av litterære tekstar. I «Samtaleanalyse i tolking av ein litterær tekst» gir eg ein analyse av eit tekstutdrag frå Ibsens *Et dukkehjem*. I ein systematisk analyse av samtale mellom Nora og Helmer i Henrik Ibsens *Et dukkehjem* kan ein freista kartleggja maktspelet mellom dei to og, i eit vidare perspektiv: tolka skodespelet som *polyfon fiksjon*, Nora og Helmer som formidlarar av forfattaren sin samfunnskritikk. Og lyda etter Ibsen si eiga

røyst: Ei røyst som åtvarar oss mot kalkulerande instrumentell aktivitet og oppmodar oss til *dialogisitet*, innleving i våre medmenneske.

Og kva kan me så hevda om utviklinga av vitskapane om oss menneske som «symboldyr» dei siste femti år? Filosofen Edmund Husserl skriv i eitt av dei etterlatne verka sine (Husserl, 1954) om krisa i dei europeiske vitskapane. Det han har i tankane, er den stendig større kløfta mellom den vitskapleg kartlagde verda og vår opplevde, subjektivt meiningsfylte livsverd. Utviklinga av vitskapane om vår omverd og oss sjølve i nyare tid er enorm og – i dobbel forstand – eksplosiv: Etter som me får meir og meir å vita frå stendig meir avanserte og spesialiserte akademiske disiplinar, blir kunnskapen meir og meir fragmentert.

Men vår undring og lengt etter samanheng og heilskap i tilværet kjenner ingen grenser. Så la oss leggja ut på våre ekskursjonar i psykologi og samfunns- og språkvitskap med ei utopisk målsetjing: Å leita oss fram mot eit tverrvitskapleg forankra heilskapsperspektiv på oss menneske som symboldyr og språket som bru mellom kulturelt kollektiv og individuell psyke. I framstelling av og refleksjon over teori og forskingsresultat frå psykologi, språkvitskap og samfunnsfag vil lesaren bli invitert med på leiting etter eit mønster i eit mangfald av teoriar og innfallsportar til empirisk forankra innsikt. Nye teoretiske perspektiv og innfallsportar til empirisk forankra kunnskap blir lanserte i opposisjon mot etablerte forskingstradisjonar og i forsøk på brubygging mellom ulike akademiske disiplinar.

Kva forskaren undrar seg over og søkjer innsikt i, varierer frå disiplin til disiplin, og over tid. Mi undring førde meg ut på ekskursjonar i filosofi, psykologi og grenseområde mellom samfunnsvitskaplege og humanistiske forskingsfelt. Ut i dialogar med kollegaer som tenkte annleis enn eg. Inn i indre dialogar og konfrontasjonar mellom det intuitivt og naivt tileigna og det vitskapleg disiplinerte i mi eiga tenking. Til tenkjarar som brøytte nye vegar for dei som seinare våga seg ut

på leiting etter samanheng og heilskap i vår raskt ekspanderande, men fragmenterte vitskapleg forankra kunnskap om oss menneske som symboldyr og språket som bru frå vår individuelle psyke inn i eit kulturelt kollektiv. I refleksjon over fruktene av eiga og andres empiriske forsking i lys av slike pionerar sin poetisk formidla visdom – og *vice versa*.

Ein av desse pionerane var Ernst Cassirer. Han var ein arvtakar etter Immanuel Kant og vart sjølv ei vesentleg inspirasjonskjelde for Mikhail Bakhtin, den framståande russiske brubyggjaren mellom humanistisk, idéhistorisk og psykologisk, samfunnsvitskapleg tankegang. Språket og den evna til abstraksjon som gir seg til kjenne i vår språkleg styrde og formidla tenking, skil etter Cassirers meining vår menneskelege livsverd kvalitativt og på heilt vesentleg vis frå våre språklause medskapningars tilvære. Mennesket er *ikkje* prisgitt strengt biologisk determinerte impulsar og eit eintydig fysisk definert «her-og-no», men lever i ei symbolverd av omgrep, kunnskap, førestellingar og minne om fjerne ting og hendingar, og forventningar om ei framtid. Dette er det som gir vårt menneskelege «her-og-no» form og innhald. Som symboldyr lever me ikkje i ei verd av utolka sansepåverknader og biologiske impulsar, men i ei verd av meiningsfylte objekt og hendingar. Det er denne symbolfunksjonen ved språket, hevdar Cassirer, som ligg til grunn for vår heilt særeigne status i skaparverket.

Ein annan pioner i utviklinga av tverrfagleg språkforsking var den tyske språkvitskapsmannen Karl Bühler. Om hans språkteori (Bühler, 1934) kan det hevdast at det er ein psykolingvistisk teori, ein teori om språket som system og ein analyse av språket i bruk frå eit sosial- og individualpsykologisk perspektiv. Symbolfunksjonen er også i hans teori ein heilt vesentleg funksjon ved språket, som bru frå vår individuelle psyke inn i ei felles og meiningsfylt ytre verd. Ord som refererer til objekt, hendingar og tilstandar, kan på forunderleg vis styra vår mentale aktivitet i tid og rom langt ut over vårt reint kroppsleg-fysisk opp-

levde «her-og-no». – *Holocaust. – Unionen med Sverige. – Krigen i Irak.* – Kven av lesarane kan nekta for at desse tre uttrykka – om enn aldri så overflatisk – førde tanken på ekskursjonar ut i ei felles, språkleg formidla verd? I filosofisk og psykologisk fagspråk om språket som bru mellom individuell psyke og ei ytre verd er det nokre ordpar som ofte går att. Symbolfunksjonen kan i prinsippet tolkast «innanfrå og ut» og «utanfrå og inn». I det eine tilfellet er emnet korleis me via ordet når ut til det ordet viser eller refererer til. I det andre undrar me oss over i kva slags forstand og korleis ordet kan aktivera førestellingar om eller indre mentale representasjonar av objekt, hendingar og tilstandar som det viser til.

Om mange filosofisk og individualpsykologisk forankra studium av symbolfunksjonen kan det hevdast at dei speglar av eit kartesiansk grunnsyn på relasjonen mellom individuell psyke og kulturelt kollektiv, og ein biletteori om språkleg referanse. Og når Bühlers teori i ettertid er vorten tolka og vidareutvikla i tverrvitskapleg lei, er det først og fremst fordi han i sin systematiske analyse av språkfunksjonar også vende søkjelyset mot språket innfelt i samhandling innsikta mot styring av andre menneske sin oppførsel, og mot uttrykksfunksjonen eller den ekspressive funksjonen.

Cassirer skilde skarpt mellom omgrepa 'symbol' og 'signal'. Signalet, hevda han (Cassirer, 1934, s. 32), høyrer heime i vår fysiske eksistens. Symbolet, derimot, høyrer heime i vår meiningsfylte, abstrakte og språkleg konstituerte verd. Signalet (t.d. eit trafikklys som lyser raudt) fyller sin funksjon når det spontant og utan refleksjon frå vår side styrer åtferda vår. *Ordet* «trafikklys», dersom me forstår det, er eit symbol. Det vekkjer førestellinga om og refererer til trafikklys. Men med våre meiningsfylte ytringar kan me også styra andres åtferd. Med ordren «Stans!» kan eg hindra barnet eg talar til, frå å gå ut i den sterkt trafikkerte gata framfor oss. Signalfunksjonen manifesterer seg såleis som ein

eigen bruksmåte eller modus, imperativ, i språket som system. Men også på anna vis, hevdar Bühler: Som ein haldnings- og kjensleformidlande funksjon infiltrert i – men likevel av eit anna slag enn ord og uttrykks-referanse. Dei to tyske orda «Fremdarbeiter» og «Gastarbeiter» («framandarbeidar» og «gjestearbeidar») må seiast å referera til ein og same populasjon, men signaliserer og formidlar ulike haldningar til menneska orda refererer til. Dei har same referanse, men er ulike med omsyn til signalfunksjonen (Schönbach, 1970). Det same kan hevdast om dei to norske orda «tystar» og «informant» i mang ein kontekst.

Når Bühler vender søkjelyset mot uttrykksfunksjonen, skifter han på eit vis perspektiv. No er det korkje ords referanse eller språkleg formidla styring av andre menneskes åtferd og haldningar som er i søkjelyset, men ordet som ein slags utladingskanal for vårt indre, ofte for sterkt kjensleladde tilstandar og opplevingar. Reine utropsord som «Au!» og «Uff!» viser ikkje til noko som helst utanfor oss sjølve. Dei er ytringar utan adressat, spontane uttrykk for indre kroppslege eller mentale tilstandar, også når me er åleine.

I den kjende amerikanske psykologen Charles Osgoods teori om affektiv ordmeining (Osgood, 1962) blir ords kjensleutløysande og haldningsstyrande funksjon (Bühlers uttrykks- og signalfunksjon) tolka som manifestasjonar av ein og same vesentlege dimensjon ved språkleg meiningsformidling. Hans teori om det affektive meiningssystemet er ikkje ein teori om språket som system, men ein teori med forankring i ein sterkt naturvitskapleg orientert psykologisk forskingstradisjon, ein vitskap om *animal symbolicum* som biologisk organisme.

I Jürgen Habermas' tobindsverk om kommunikasjon (Habermas, 1981), derimot, blir Bühlers teori om dei tre språkfunksjonane tolka som ein teori om språket som system innfelt i eit kulturelt kollektiv og vidareutvikla i sosiologisk lei. Symbol-, signal- og uttrykksfunksjonen, hevdar Habermas, kan tolkast som manifestasjonar av språket som

innfallsport til tre ulike sfærar av vår eksistens: vår ytre, objektive verd; vår sosiale verd; og vår indre, subjektive verd. Symbolfunksjonen er den som ligg til grunn for språket som bru til vår ytre, objektive verd og, av den grunn, den primære i vitskapleg språkbruk. Vitskapleg språk skal formidla bilete av vår ytre, objektive verd. Det overordna kravet er *sanning* («Wahrheit»), dvs. om påstandar om dei objekt, hendingar eller tilstandar påstandane refererer til, er sanne.

Signal- eller styringsfunksjonen, derimot, er etter Habermas' syn den dominerande i juridisk språk og, meir generelt, i diskurs der sosiale normer og reglar for menneskeleg samhandling blir formidla. Det vesentlege spørsmålet i slik språkbruk er ikkje sanning, men *sømd* («Richtigkeit»). Kva som er *korrekt*. Når det så gjeld uttrykksfunksjonen, er det sentrale spørsmålet korkje sanning eller sømd, men *autentisitet* («Wahrhaftigkeit»). Dvs.: om ordet er eit ekte uttrykk for den indre tilstand eller oppleving det skal formidla. Uttrykksfunksjonen, hevdar Habermas, er difor ein vesentleg funksjon i kunst som institusjon, i poetisk språk, men også i biletkunst, musikk og andre kunstformer.

I Ernst Cassirers seinare, til dels upubliserte, skrifter vender han også søkjelyset mot «ekspressiv meining». Hans vesentlegaste innvending mot tidlegare filosofisk antropologi er at mennesket som biologisk organisme og innslaget av emosjonalitet i vår symbolaktivitet vart ignorerte. Dette hevdar den tyske filosofen John Michael Krois i eit essay om filosofisk antropologi før og etter Ernst Cassirer (Krois, 2005).

Korkje Bühler eller Habermas hadde tenkt seg dei tre språkfunksjonane som skarpt avgrensa frå kvarandre. Men nyare lingvistisk semantikk har i alt vesentleg vore innsikta mot kartlegging av språket som (idealisert) rasjonelt system, og det same kan hevdast om kognitiv-psykologiske studium av språkleg kommunikasjon. Ekspressive og emosjonelle aspekt ved språkleg meiningsformidling er dermed for ein stor del vortne ignorerte og/eller tolka som perifere og ikkje vitskapleg til-

gjengelege i nyare amerikansk psykolingvistikk og kognisjonsvitskapleg språkforsking.

Dette, hevdar dei russiske arvtakarane etter Cassirer, reflekterer ein «abstrakt objektivisme» i vesteuropeiske og amerikanske språkvitskaplege disiplinar med historisk forankring i filologiske studium av heilage skrifter og «kadaver av døde språk» (Volosinov, 1986). Slik språkvitskap blir primært ein vitskap om skriftspråket, ikkje om «det levande ordet», hevdar framståande europeiske språkvitskapsmenn som Per Linell i Sverige og John Lyons i England (Linell, 1982; Lyons, 1981). Ein vitskap om *korrekt* skriftspråkleg meiningsformidling og *bokstavleg meining*? Og kva med eventuelle kamuflerte innslag av normative målsetjingar, også i ny, tverrfagleg språkvitskap, i psyko- og sosiolingvistikk og empirisk samtale- og diskursanalyse?

– Mennesket er «Støv» og «mere end Støv», skriv Henrik Wergeland i *Skabelsen, Mennesket og Messias*. Me er biologiske organismar; del av naturen, og av den grunn objekt for systematiske naturvitskaplege studium «utanfrå», men kan *forstå* kvarandre berre på eit anna vis, «innanfrå», og «innanfor» ei felles, meiningsfylt livsverd me tek for gitt. Denne epistemologiske dikotomien – (årsaks-)*forklåring* versus *forståing* – gir seg til kjenne i kontrasten mellom ein naturvitskapleg og ein humanistisk akademisk forskingstradisjon, i ein slags akademisk kulturkollisjon som C.P. Snow har skildra i si bok *The Two Cultures* (Snow, 1959). Dei unge human- og samfunnsvitskapane – psykologi, sosiologi og «bindestreksdisiplinar» som psyko- og sosiolingvistikk – vart utvikla i «naivt» menneskeleg og filosofisk undring over mennesket som «Støv» og «mere end Støv». Dei ervde mange av sine vesentlege problem og sitt samfunnsengasjement frå filosofi og humaniora, men sitt metodologiske samvit og sine krav til empirisk dokumentasjon frå solid etablert og prestisjetung naturvitskap. Og etter som dei unge, hybride disiplinane skyt knoppar i form av stendig fleire, strengt avgrensa spesialdisi-

plinar, blir det stendig vanskelegare å tolka empiriske funn som svar på «naivt» menneskelege og filosofiske spørsmål.

Martin Buber (1962, s. 688) hevdar om forgreininga av humanvitskapane ut i stendig fleire, strengt avgrensa spesialdisiplinar at «… we have to divide Man into departments which can be treated singly, in a less problematic, less powerful, less binding way», og dette gjer det svært vanskeleg å integrera kunnskapsfragment frå ulike forskingsfelt i eit heilskapleg bilete av mennesket som eit moralsk vesen. Men vitskapane om *animal symbolicum*, hevdar den amerikanske filosofen Hilary Putnam (1978), er «moral sciences». Og «… all objectifying knowledge» (om det menneskeleg meiningsfylte) «is preceeded by a relation of *belonging* upon which we can never entirely reflect», skriv Paul Ricoeur (1984, s. 243) i sitt klassiske verk om hermeneutikk og humanvitskapane.

Kva meiner han med det? At all undring over og vitskapleg baserte forståing av *animal symbolicum* til sjuande og sist er forankra i noko me, *også som forskarar*, ureflektert må ta for gitt? I verdiladde ideologiar «… we think *from* … rather than *about*» (Ricoeur, 1984, s. 227). I ei «førforståing» («Vorverständigung», Apel, 1968) som er eit produkt av vår sosialisering inn i eit kulturelt kollektiv og ein akademisk subkultur?

Martin Buber, Hilary Putnam, Paul Ricoeur og Karl Otto von Apel er tenkjarar som med forankring i ulike filosofiske tradisjonar provoserer nærsynte og trongt empirisk orienterte forskarar til refleksjon over slike spørsmål. Til refleksjon over potensielle innebygde «bundne mandat» i tolking av empiriske studium av språkleg meiningsformidling, t.d. i form av postulat om slik kommunikasjon som einvegs transport av informasjon. Og til refleksjon over eit *terra incognita* i dei unge, hybride human- og samfunnsvitskapane: Grensesona mellom *individuell psyke og kulturelt kollektiv*.

Når relasjonen mellom individuell psyke og kulturelt kollektiv først i aller seinaste tid er komen i fokus for diskusjon om grunnlags-

problem i amerikansk psykologi, psykolingvistikk og informasjonsteknologisk inspirert kognisjonsvitskap, er det fordi moderdisiplinen, (individual-)psykologi, «… from its inception … has been quintessentially a psychology of the individual organism» (Sarason, 1981, s. 827). I russisk, humanistisk forankra psykologi og semiotikk, derimot, vart dialogen som bru menneske imellom og frå individuell psyke inn i eit kulturelt kollektiv sentrale tema. Psykologen Lev Vygotsky og litteraturvitskapsmannen og kulturfilosofen Mikhail Bakhtin kan i ettertid med rette – i lag med den amerikanske sosialpsykologen George Herbert Mead og filosofen Martin Buber – karakteriserast som pionerar i utviklinga av eit humanistisk orientert alternativ til ein dominerande naturvitskapleg orientert vitskap om menneske og samfunn «utanfrå», med ei tabuhaldning til det subjektivt, intersubjektivt og kollektivt menneskeleg meiningsfylte.

Og med dette er me komne fram til ein tverrfagleg forskingsfront der me – og forskarar frå ulike human- og samfunnvitskaplege disiplinar – er inviterte til nytenking. Til vidareutvikling av Vygotsky og Bakhtin sine tankar i sosiokulturelle studium av relasjonen mellom individuell psyke og kulturelt kollektiv (Wertsch, 1991, 1998) og til refleksjon over læring som dialogisk basert «act of meaning» (Bruner, 1990). Til å ta del i ny *innsikt i* og *undring over* dialogisiteten i vår eigen individuelle psyke og vår lagnad som *animal symbolicum* innfelt i eit kulturelt kollektiv.

Litteratur

Apel, K. O. (1968) Scientifik, Hermeneutik, Ideologie-Kritik: Entwurf eine Wissenschaftlehre in erkenntnis-anthropologischen Sicht. *Man and the World, I*, s. 37–68.

Bakhtin, M.M. (1984) *Problems of Dostoevsky's Poetics.* Minneapolis: University of Minnesota Press.

Buber, M. (1958) *Ich und Du*. Heidelberg: Verlag Lambert Schneider.

Bruner, J. (1990) *Acts of Meaning.* Cambridge MA: Harvard University Press.

Bühler, K. (1934) *Sprachtheorie.* Jena: Fischer.

Cassirer, E. (1944) *An Essay on Man.* New Haven: Yale University Press.

Habermas, J. (1981) *Theorie des kommunikativen Handelens.* Frankfurt: Suhrkamp.

Husserl, E. (1954) *Die Krisis der europeischen Wissenschaften und die transzendentale Phänomenologie. Husserliana, bind 6.* The Hague: Nijhoff.

Krois, J.M. (2005) 'A passion can only be overcome by a stronger passion'. Philosophical Anthropology before and after Ernst Cassirer. *European Review, 13*, s. 557–575.

Linell, P. (2005) *The Written Language Bias in Linguistics.* New York: Routledge.

Lyons, J. (1977) *Semantics.* Cambridge: Cambridge University Press.

Osgood, C.E. (1962) Studies on the generality of affective meaning systems. *American Psychologist, 17*, s. 10–18.

Putnam, H. (1978) *Meaning and the Moral Sciences.* London: Routledge & Kegan Paul.

Ricoeur, P. (1984) *Hermeneutics and the Human Sciences.* Cambridge: Cambridge University Press.

Sarason, S.B. (1981) An asocial psychology and a misdirected clinical psychology. *American Psychologist, 36*, s. 827–836.

Schönbach, P. (1970) *Sprache und Attitüden.* Stuttgart: Hans Huber.

Snow, C.P. (1959) *The Two Cultures.* Cambridge: Cambridge University Press.

Volosinov, V.N. (1973) *Marxism and the Philosophy of Language.* New York: Seminar Press.

Vygotsky, L.S. (1962) *Thought and Language.* New York: Wiley.

Wertsch, J.V. (1991) *Voices of the Mind. A Sociocultural Approach to Mediated Action.* Cambridge MA: Harvard University Press.

Wittgenstein, L. (1962) *Philosophical Investigations.* Oxford: Basil Blackwell.